



ÅRSMELDING SKULEÅRET 2016-2017

SKULE:Rosslund skule

Prosess for arbeid med årsplan:

Rektor involverer SFO-leiar, tillitsvalt og plangruppene for arbeid med årsplan

Frist for levering av årsplan: **1. juli**

| Nøkkeltal - Grunnskulen sitt informasjonssystem (GSI) 2017-2018 | | |
|---|--------|---------------|
| | Tal | Ev. kommentar |
| Elevtal skule | 225 | |
| Elevtal SFO | 44 | |
| Tal lærarar | 31 | |
| Årsverk ped. Personale | 25,6 | |
| Assistentar, årsverk | 6,2 | |
| Årstimar utført av undervisningspersonale | 17 900 | |
| Årstimar gitt til ordinær undervisning | 12 770 | |
| Lærartimar til spesial-undervisning §5-1 | 3 700 | |
| Administrasjonsressurs i %, Rektor/inspektør | 175% | |

Skulebasert vurdering

Skulebasert vurdering er skulen si jamlege vurdering av i kva grad eiga verksemد medverkar til å nå måla i læreplanverket for kunnskapsløftet. Vurderinga inneber at skulen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføring av opplæringa.

| | |
|---|--|
| Omgrepet «skulebasert vurdering» Er omgrepet godt kjent i organisasjonen? | Ja, omgrepet er jobba med i fleire prosjekt. |
| Jamleg gjennomføring Når vert skulebasert vurdering gjennomført på skulen? <i>(I utgangspunktet bør vurderinga gjennomførast årleg. Tidsbruk må likevel blir vurdert opp mot det forsvarlege).</i> | Skulebasert vurdering vart sist jobba med ved vurdering av resultat på nasjonale prøvar 2017 |
| Kunnskapsgrunnlag for val av tema Kva for eit kunnskapsgrunnlag er brukt? | Resultat på prøvar, tal på fritak, ressursar i faga. |

| | |
|--|--|
| (Kunnskapsgrunnlaget skal gi skulen eit grunnlag for å reflektere og analysere heilskapleg i kor stor grad skulen sine elevar har nådd måla i læreplanverket) | |
| Val av tema Kva for eit tema er valt skuleåret 2017-2018? | Nasjonale prøvar |
| Vurdering av endringar Har skulen (i sin vurdering) identifisert kva for nokre endringar som best kan auke oppnådde mål for elevane innanfor det skule har valt å sjå på i vurderinga? Har skulen vurdert endringar som heilskap på systemnivå (sjølv om konsekvens av endringane i nokre tilfelle primært vil vise seg i enkelte klasser eller enkelte fag?) | Skulen har vurdert det til å auke læringstrykket på engelsk på småtrinnet. Skulen har vurdert det til å halde fram satsinga på omgrepsslæring og teksttilnærming på ungdomstrinnet. |
| Oppfølging av endringar Korleis følgjer skulen opp endringar? | Ved evaluering av resultat på NP 2018 |
| Medverknad Korleis har skulen sikra ein brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering? <i>Er alle involverte parter på skulen involvert i analysen og arbeid med endringar?</i> | Leiinga legg fram resultat for enkeltklassar til teama. Resultat for enkeltelevar til kontaktlærarar for drøfting i team. Kvar lærar er utfordra på førehand til å danna seg ei mening om kvalitetsforbetringar. Tatt opp i lærarmøte med IGP-metode og rekkeframlegging. Drøfta fagkrav til elevar i overgangar mellom hovudtrinna. Etablert felles mål med vidare arbeid i dei ulike faga. |
| Andre kommentarar?? | |

| Læringsmiljø | |
|--|---|
| Tema | |
| Elevundersøkinga (Udir) | Mål: Halda fram breitt arbeid med positivt læringsmiljø Tiltak: TL, Mobilhotell, sams regelhandtering frå lærarar Resultat: Svar på undersøkinga på det jamne (landssnitt) i dei aller flete kategoriar. Vurdering: Vi har tendens til betring i dei fleste kategoriene. |
| Oppfølging av elevane sitt læringsmiljø etter kap. 9a i Opplæringslova | Kommentar: Har skrive tiltaksplanar der det har komme opp saker der elevar har eit ikkje tilfredsstillande læringsmiljø etter §9a |

| Faglege resultat | |
|------------------|---|
| Tema | |
| Nasjonale prøvar | Mål: Betra resultata til landssnittet i engelsk i 5. klasse Tiltak: Auka læringstrykket på småtrinnet Resultat: Ikkje sett noko positivt resultat Vurdering: Vil sjå det over tid sidan klassegruppene er så lite at resultata ikkje er statistisk representative |
| Eksamens | Mål: Resultat på landssnittet Tiltak: Ordinært høgt læringstrykk, trenere på eksamenssituasjonen Resultat: På snittet på skriftleg eksamen i matematikk og engelsk. Over snittet i munnlege eksamenar i spansk, naturfag, krle og samfunnsfag Vurdering: Det faglege arbeidet på ungdomstrinnet viser seg å vera breidt godt m.o.t. karakterresultat. |
| Grunnskulepoeng | Mål: Ligga på landssnittet Tiltak: Ordinært høgt læringstrykk Resultat: Over landssnittet Vurdering: Det faglege arbeidet på ungdomstrinnet viser seg å vera breidt godt m.o.t. karakterresultat. |

| Kompetanseutvikling | | |
|---------------------|--|--|
| Tema | Etter- og vidareutdanning | Kommentar på korleis kompetanse ver brukta vidare |
| Leiar | - | |
| Pedagogar | Etterutdanning i fag som manglar eller som må styrkast i høve til kompetansekrav | Vert brukta til å kunna bruka same lærar i fleire fag. Viktig både på ungdomstrinnet og på barnetrinnet. |
| Andre tilsette | - | |

| Vurdering av andre område | |
|---|--|
| Tema | |
| Samarbeid med andre (BUP, PPT, Barnevern osb.) | <u>Kommentar:</u> BUP: ok samarbeid på møter, men lite konkrete inn mot skullearbeidet. Føler det er stort fokus på enkeltindivid sett opp mot det å vera i ei gruppe på skulen. PPT: Fungerer bra med pedagogiske team og omorganisering av det formelle samarbeidet med skulane. Kunne tenkt oss meir observasjon slik at lærarane kunne drøfta meir konkret tiltaka som er sett som gunstige i sakkunnige vurderingar. Barnevern: Har fungert bra i dei fleste sakene. |
| Samarbeid heim-skule (utviklingssamtalar og foreldremøte) | <u>Kommentar:</u> Utviklingssamtalar og foreldremøte vert haldne som oppsett, to gongar i året med ulike tema på ulike trinn, men med nokre faste punkt på agendaen. Føresette kan førebu seg til utviklingssamtalen med å sjå kommentarar frå lærarane ved å logge seg inn i Visma Flyt. |
| Arbeid i rådsorgana ved | <u>Kommentar (antall møter, tema m.m.):</u> Elevråd: |

| | |
|--------|---|
| skulen | <p>Har hatt jamnlege møte der dei har tatt opp arbeid med elevmiljø, därlege fysiske arbeidsmiljø og liknande saker.</p> <p>FAU:</p> <p>Har hatt møte der dei har drøfta tafikksikring, utemiljø på skulen og elevane sitt læringsmiljø. FAU er nok mest opptatt av det praktiske.</p> <p>Skulemiljøutval: Har ikkje vore møte</p> <p>Samarbeidsutval: Har ikkje vore møte.</p> |
|--------|---|

| Skulefritidsordninga | |
|------------------------|---|
| Tema | |
| Aktivitet og innhald | <p>Kommentar:</p> <p>Tema i høve til høgtider og årstider, elles daglege aktivitetar etter kva som fengjer borna «i tida»</p> <p>Vert opplevd som ein god stad å vera både for vaksne og born. Det er lite påmelding frå våre elevar når SFO er slått saman med Vestbygd i feriar.</p> |
| Fysiske tilhøve | <p>Kommentar: Eigentleg bra lokaler, men vi slit med sambruk med klassar som har lengre skuledag enn dei yngste elevane på sfo. Dette kunne vore mykje betre og lettare organisert dersom heile småtrinnsbygget hadde hatt inneklima der alle tilsette kan vera. Slik det er no er det inneklimahelsa til dei enkelte tilsette som i stor grad er nødt til å styra samansetninga av personalet til dei ulike klassane og kva base dei ulike klassane skal ha.</p> |
| Personalsituasjon | <p>Kommentar: SFO har flinke og stødige vaksne med lite sjukefråvær</p> |
| Samarbeid SFO og skule | <p>Kommentar:</p> <p>Samarbeidet går bra mellom personalet. Utfordringane er på dei fysiske tilhøva i sambrukssituasjonar.</p> |

| Skulane sitt kontrollarbeid |
|--|
| Tema for kontroll på skulen (tilsyn, kontroll m.m.) Intern og eksternt |
| Når: (ikkje tilsyn på skulen) |
| Korleis: |
| Resultat: |
| Klager til Fylkesmannen |
| Tema: (ikkje vore klager til fylkesmannen) |
| Tal: |
| Resultat: |
| Risikoområder |
| Tema: |
| Tiltak: |

Dato: 28. juni 2018 Underskrift rektor: Hogne Brunborg (sign)